



# **KYRKJEBLADE**

**FOR VAKSDAL PRESTEGJELD**

---

Nr. 5

September 1979

33. årg.

---



*Straume søndagsskule*

- 
- ❖ VI SÅ HANS SJELEANGST (s. 2)
  - ❖ BERGLJOT SEIM TIL MINNE (s. 3)
  - ❖ MENIGHETSSEMINARELEV (s. 4)

## Hei alle saman!

Her er vi i Straume søndagsskule. Er det ikkje flott? Ja vi meiner at vi er så mange. Vi held til i ei stove, det ser du på biletet. I «storstova» seier alle på Straume, men dei minste kallar det for søndagsskulehuset. Ikke alle av oss er frå Straume, nokre av oss er frå Vik. Det er langt å gå, men mor eller far kører oss og så får dei andre sitja på.

Kva vi gjer på? Ja, på søndagsskulen meiner du. Jau, dei som har søndagsskulen. Diplomet kan vi hengja einkvan av oss gjer det. Og så snakkar dei litt. Aller først får vi ei stjerne eller ein fisk i stjernekartet vårt, og dersom vi har pengar til å putta på børsa så gjer vi det. Det med pengane er flott ser du, for vi hjelper ein gut eller ei jente frå Etiopia til å gå på skulen. Vi har ikkje nokon bestemt elev, men vi betaler for ein plass på

skulen. Og så syng vi, mange songar kvar gong, og ofte les vi eit stykke eller ei forteljing frå ei bok.

Til slutt får vi kvar sitt lite bilet, eit slikt veit du med Jesus og lammet, eller noko anna frå Bibelen. Vi har kvar si lita bok til å lima dei inn i. Og så får vi diplomar. Vi får det kvar gong vi har vore ti gonger på søndagsskulen. Diplomet kan vi hengja opp på veggen på rommet vårt og ha til å sjå på.

Går du på søndagsskulen? Det var fint og dersom du ikkje går, så kan du byrja neste gong. Vi set opp plakatar slik at alle veit om det.

Ha det bra, og gløym no ikkje å gå på søndagsskule neste gong.

*Helsing  
alle borna i Straume søndagsskule  
og Magne og Oddveig Straume*

## VI SÅ HANS SJELEANGST

Disse ord kom til meg i en stille nattetime, og de fortsatte å tone i mitt sinn også da jeg sto opp følgende dag. Hvor i Bibelen er de hentet fra? Er det Jesu sjeleangst i Getsemane de gjelder? Jeg leitet i ordboken, men fant det ikke.

Det demret så smått i min erindring om en beretning fra Bibelens første blader. Jeg leitet fram Josefs historie, denne hugtakende beretning fra barneåra mine. Og der i 1. Mos. 42,21 lyste ordene mot meg, nøyaktig slik Guds Ånd minnet om.

Josefs brødre var kommet til Egypt for å kjøpe korn, sendt av sin far, for hungersnöden var stor i Kanaans land. I Egypt ble de mistenkt for spionasje, farlige ting å gi seg ut på. Tross for-

sikring om ærlig spill fra deres side var det flere ting som sa det motsatte. Nettet snørte seg faretruende sammen om dem.

«Da jog et minne om halvglemt dåd som lyn i brødrene sine sinn.» Dengang for lenge siden — de solgte sin bror og lurte sin far. Nå hadde synden funnet dem igjen, de fikk som fortjent erkjente de for hverandre. «Vi så hans sjeleangst» — med kaldt hjerte. Men når det var som verst ga Josef seg tilkjenne som den han var, deres «bror», en tilgivende bror. Og han avlegger det vitnesbyrd at det var Israels Gud som hadde vendt alt til det gode.

J. B. H.

## KYRKJEBLAAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar:

Dagfinn Lofthus  
Medarbeidrarar:

Johanne B. Helle  
og Magne Hesjedal.

Kasserar:

Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.  
Postgiro 5 72 34 73.

Bankgiro 3500.50.13117.

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.  
Bladpengar kr. 10,00 for året.

Eksped. og trykk:  
Øystese & Co. Trykkeri  
5610 Øystese. — Tfn. 55045

nar var såleis son til ei veninna frå Frekhaug-vinteren. Det var fleire frå kullet på Frekhaug som møtte i gravferda hennar.

Arbeidsplassen sin hadde ho i alle år i Dale Fabrikker. Den siste sjefen ho hadde der la ned ein krans på båra hennar.

Bergljot Seim hadde reist mykje, både her i landet og i naboland. Ho var også ein tur til Israel. Når ho i venelag, i kvinneforeiningslag og liknande fortalte frå reisene sine, var det ei oppleveling å høyra på ho.

Ho hadde fått ei spesiell utrustning til å samtala med enkeltpersonar, og ho hadde stor tillit mellom folket. Mange vil med gleda og takkseind minnast dei fortrulege samtalane dei hadde med henne. Ho hadde såleis mange vener, og var lett å koma i kontakt med.

Me vil lysa Guds fred over minnet etter Bergljot Seim. Vener.

## Bergljot Seim til minne

Bergljot Seim fekk heimlov mandag 2. juli d.å. Ho vart 64 år 10. april. Dei siste 6 åra har ho stridt ein tapper kamp mot sjukdomen som no førte til døden. Med Bergljot Seim har Dalefolket og særleg Indremisjonen mistei av sine mest trufaste og aktive misjonskvinner. Dei siste åra var ho formann i Dale Indremisjon og dette var ei oppgåve ho gjekk inn i med stor interesse. Her brukte ho sitt vidsyn og sine administrative evner til beste for folket og misjonen. I over 30 år var ho med i yngreslaget i Indremisjonen, det meste av tida som leiar. I alle år var ho trufast med i Musikklaget til Indremisjonen. Og likeins var ho i alle år med i styret for bedehus på Dale. — Plassen hennar i kyrkja er også tom no. Ho var flittig til å gå i kyrkja.

Ho gjekk eit kurs på Bibelskulen i Bergen. Men først gjekk ho på Nordhordland Ungdomsskule (det heitte skulen då) på Frekhaug. Her fekk ho vener som ho hadde til det siste. Presten som forretta i gravferda hen-

## Porten til livet

Dr. Einar Lundby har skrevet en bok om «porten til livet.» Han vil vise veien til liv med Gud og at denne veien er åpen.

I Bibelen tales det om en åpen dør. «Se, jeg har satt foran deg en åpnet dør.» Joh. Ap. 3,8. Det er forskjell på «åpen» og «åpnet». Det som er åpnet har engang vært lukket eller stengt. Den åpnede døren skal også stenges en dag, sier Bibelen. Når det forkynnes fra Gud at døren er åpnet skulle vi derfor gi akt på dette som en stor nåde fra Gud. I dag er nådens dag. I dag forkynner Gud sitt gode budskap om frelse for syndere ved troen på Kristus.

I dag gjelder dette at «Herren er

min hyrde». I dag skal du be om hans nåde og gunst, og ikke utsette til i morgen.

Livet, også det evige livet, er noe som vi kan eie her og nå, som Johannes sier: «I skal vite at I har evig liv, I som tror på Guds Sønns navn.» 1. Joh. 5,13.

Den evige er kommet inn i tiden, og Johannes sier om det at «livet ble åpenbaret, og vi har sett det og visner og forkynner eder livet, det evige.» 1. Joh. 1,2.

D. L.

## Menighetsseminarelev

Heidi Rongved fra Vaksdal har byrja ved Menighetsseminaret i Bergen. Dette er ein eitårig utdanning som tar sikte på kyrkjelydssekretærar som det er ein stor skort på i Den norske kyrkje. Ved sida av teoretisk innføring har elevane praksis i kyrkjelydane i distriktet, og Heidi vil ha si praksistid i kyrkjelydane på Vaksdal og Dale. Me er mykje glad for denne ordninga som me vonar vil vera til god hjelp i kyrkjelydsarbeidet. Ho vil ha to praksisdagar og i dette opplegget er nemnt husvitjing, barnegruppe, foreldresamvær, ungdomsarbeid, konfirmanitarbeid, økonomi, eldrearbeid. Den teoretiske del av studiet omfattar kristendom, sjælesorg og psykologi.

I var kyrkjelyd skal det vera ein ansvarskomite som skal leggja tilhøva tilrette for eleven. Sokneråda på Dale og i Vaksdal har valt Turid Steinnes, Dalekvam, Arvid Tolås, Vaksdal og Ingrid Verpelstad, Stanghelle, med i komiteen. Sokneråda må likeins svara for ei avgift på kr. 5000 til seminaret og skyssutgiftene. Me vonar at dette vil ordna seg greit.

Menighetsseminaret i Bergen får i år 10 elevar og vert i leigde lokaler i Domkirkenes menighetshus. Rektor Erling Smemo er styreformann og Gunnvor Wikse dagleg leiar.

## 77 nye konfirmantar

Eit nytt konfirmantår er byrja med 77 konfirmantar. Frå Dale 37, Vaksdal 19, Stamnes 10, Eidsland 4, Bergsdalen 4 og Eksingedalen 3. Ein må gå 11 år attende for å finne eit så stort kull frå Bergsdalen, men elles er kulla noko synkande. Også i år vert det sat sasa på konfirmantgrupper ved sida av konfirmanttimane, på skulane.

## Ny salmebok

Når kjem den nye salmeboka, er eit spørsmål me prestar ofte må svara på. Det er heller ikkje så rart for i år er det 25 år sidan arbeidet tok til med den nye salmeboka. Men no til hausten reknar ein me at eit utkast er klart. Kyrkjelydane kan rekne med å gjera seg kjend med dette neste år. Men den nye salmeboka kjem nok ikkje før i 1982-83.

Den nye salmeboka vil ha ca. 800 salmar. Det vert ei felles salmebok for nynorsk- og bokmålskyrkjelydane og kor nynorsk- og bokmålsalmar står om einannan (Ca. 60 % bokmålsalmar og 40 % nynorsksalmar). Antal dubletter er skore ned til omlag 30. Det vert omlag 550 av dei eldre salmane og omlag 200 nye. Omlag 100 frå Salmer 1973 vert med. Det vert noter til alle salmane. Ein må sjå dette arbeidet som ein moderat revisjon som me får vona kan verta godt motteke. Noko enkel oppgåve har det ikkje vore.

## „Mi kyrkjebok”

«Mi kyrkjebok» vert i år delt ut til alle 4-åringar som er busett i Vaksdal på fylgjande familiegudstenester:

Vaksdal kyrkje	14. okt.
Flatekval kyrkje	14. »
Stamnes	21. »
Eidslandet kyrkje	21. »
Dale kyrkje	28. »
Nesheim kyrkje	28. »
Bergsdalen kyrkje	4. nov.

Tilflyttarar kan lett verta gløymt då desse ikkje er ført opp i dåpsregisteret.

## Dei ti bruremøyane

Ein flokk av unge jenter, ja dei var heile ti,  
og vel dei alle venter på ein dei glad var i,  
men timane vart lange, og myrkret det fall på,  
dei svevnen overmann, og la seg litt nedpå.  
Men lampa skulle brenne, den skulle lyse klart,  
for det nok kunde hende, at venen han kom snart.

Dei unge jenter sovna, ja, deisov fast og godt,  
til det leid langt på natta, då annsamt dei fer brått.  
Då lyder høge ropet: «Sjå brudgomen han kjem!»  
og nokre ut dei jublar: «No venen min er her!»  
Dei lyftar høgt si lampa, og glade mot han dreg,  
og det vert fest og jubel, som ingen ende hev.

Men hine dei vil sova, men no er ikkje fred,  
so fatar dei si lampa, og ør av svevn dei dreg.  
I ljoset frå dei andre, dei fylgjer med eit bel,  
men då dei vert åleine, dei ser kor stoda er.  
«Å lampa mi er slokna, å du kor myrkt det er,  
eg lyt få tak i olje, det går kje dette her.»

A du som endå er borte frå Jesus,  
kom, kom no i dag.  
Han åleine deg olje kan gjeve,  
så du glad han får møte ein dag.  
På krossen han døydde for deg og for meg,  
og open står endå hans famn.  
Det evige livet vert gjeve deg,  
åleine i Jesu namn.

Elise Straume

Dette diktet vart lesi opp på Bergsdalsstemna i år.

D. L.

**Ekspedisjonstider ved våre kontor:**

DALE, telefon 2421	Fra	Til
Måndag, tysdag,		
onsdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag . . . . .	10.00	17.30

VAKSDAL, telefon 3605		
Tysdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag . . . . .	10.00	17.00

STAMNES, telefon 8015		
Måndag . . . . .	9.30	14.00

**Bruvik Sparebank**

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

**Stamnes Handelslag  
STAMNESHELLA****Dale Handelsforening  
Dalekvam****TOMAS UTSKOTTS  
SKOFORRETNING  
Dalekvam****Vaksdal koop. Handelslag  
V A K S D A L**  
Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710,  
Kjøp i Dykkar eigen forretning**RADIOSPECIALEN %**

Tlf. 2240 DALKEVAM

**R A D I O — T V**

Reparasjonsverkstad

**BØKER — PAPIR — BIBLAR****SALMEBØKER- SANGBØKER****EIDE & PETERSEN %**

Tfn. 2258 DALEKVAM

**K. S E I M**

Kolonial &amp; Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

**BRUVIK HANDELSLAG**

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

Arthur og Arne Vaksdal  
**KVIKKBAR**  
Dalekvam  
Tfn. 2161 — 2112

Line Kallestad Dyvik, f. 24.5.79, døypt 22.7.

Jan Vaksdal, f. 18.5.79, døypt 5.8. i Førde.

**VAKSDAL:**

Bjarte Steinsbø, f. 11.3.79, døypt 24.6.

**VIGDE:****DALE:**

Arild Hesjedal og Margun Sigurdson, vigde 7.7.79.

Ove Rolland og Britt Mari Vik, vigde 21.7.

**VAKSDAL:**

Magne Emil Fanebust og Heidi Thunes, vigde 7.7.

Halvor Johan Høiby Hansen og Marit Judith Hevrøy, vigde 24.8.

**STAMNES:**

Terje Johan Mjølvik og Torill Stamnes, vigde 30.6.

Kåre Brekkhus og Jorunn Hårvik, vigde 18.8.

**AVLIDNE:****DALE:**

Karl Martin Øye, f. 26.3.1907, død 15.6.79, gravlagd 22.6.

Steffen Haug, f. 14.2.1904, d. 21.4.79, kremert i USA, urnenedsetting på Dale 26.6.

Ludvig Reigstad, f. 15.4.1897, d. 18.7.79, gravlagd 24.7.

Sverre Wik, f. 29.8.1918, d. 1.8.79, gravlagd 7.8.

Sverre Hvidsten, f. 13.5.1909, d. 13.8.79, gravlagd 18.8.

Bergljot Birgitta Seim, f. 10.4.1915, d. 2.7.79, gravlagd 6.7.

**VAKSDAL:**

Lars O. Larsen, f. 13.9.1896, d. 21.7.79, gravlagd 26.7.

Olav Faugstad, f. 10.10.1911, d. 3.8.79, gravlagd 7.8.

**STAMNES:**

Reidun Karin Trohjell, f. 10.4.79, døypt 17.6.

Janett Vatle Berntzen, f. 4.4.79, døypt 17.6.

Turid Steinsland, f. 1.3.79, døypt 1.7. Hanne Dyvik, f. 21.4.79, døypt 22.7.

**STAMNES:**

Edith Stamnes, f. 21.10.1924, d. 22.6.79, gravlagd 28.6.

**NESHEIM:**

Anna Sofie Ekse, f. 30.4.1897, d. 4.8.79, gravlagd 11.8.

**Ikkje meir enn eit raudt tyttebær**

Det er fortalt om ein stor idrottsmann, som hadde vunne mange fine, flotte pokalar.

Då han låg og skulle døy, var det ein som spurde han kva alle desse finne pokalane betydde for han no? «Ikkje meir enn eit raudt tyttebær,» var svaret.

Mange både born og vaksne vinn flotte pokalar i desse dagar. Dei gjer store prestasjonar i mange idrettsgreiner. Det er positivt og sunnt å vera med i idretten. Men når ein les sportsresultata i avisene, sit ein ofte att med det inntrykk, at dette er det einaste som er noko å vera med på.

Men du kor lite det betyr — når det verkeleg røyner på. — Måtte du setja like mykje inn på å gi sjela di det ho treng. — Slik at du fekk ei sunn sjel — i ein sunn lekam. —

—r—t.

**Frå kyrkjebøkene****DØYPTE:****DALE:**

Tom-Rune Solheim f. 1.2.79, døypt 24.6.

Kjell Vidar Kristiansen, f. 12.5.79, døypt 22.7.

Elisabeth Sellevold, f. 3.4.79, døypt 17.6.

Merete Hesjedal, f. 21.3.79, døypt 8.7.

Beate Sundheim, f. 19.5.79, døypt 5.8.

Mette Sundsbakk, f. 9.6.79, døypt 26.8.

Ann-Bjørg Dalseid, f. 1.7.79, døypt 26.8.

Hege Bruvik, f. 24.4.79, døypt 24.6. i Loddefjord kirke.

Sindre Rødland, f. 29.5.79, døypt 26.8.

**STAMNES:**

Reidun Karin Trohjell, f. 10.4.79, døypt 17.6.

Janett Vatle Berntzen, f. 4.4.79, døypt 17.6.

Turid Steinsland, f. 1.3.79, døypt 1.7. Hanne Dyvik, f. 21.4.79, døypt 22.7.

## Velkommen til kyrkje

*15. sundag etter pinse, 16. september:*

*Vaksdal kyrkje kl. 11.00.* Res. kap. Lofthus. Nattverd.

*Eidsland kyrkje kl. 11.00.* Soknepр. Steinnes. Nattverd.

*Bergsdalen kyrkje kl. 11.00.* Lekmannsgudsteneste ved Odd Alfheim.

*16. sundag etter pinse, 23. september:*

*Dale kyrkje kl. 11.00.* Res. kap. Lofthus. *Stamnes kyrkje kl. 18.00.* Res. kap. Lofthus. Stamnes Damekor syng.

*17. sundag etter pinse, 30. september:*

*Dale kyrkje kl. 11.00.* Akademilektor Einar Solli. Offer til Lærerakademiet.

*Vaksdal kyrkje kl. 18.00.* Akademilektor Einar Solli. Offer til Lærerakademiet.

*Flatekval kyrkje kl. 11.00.* Olav Hesjedal. Offer til Lærerakademiet.

*Nesheim kyrkje kl. 19.30.* Olav Hesjedal. Offer til Lærerakademiet.

*18. sundag etter pinse, 7. oktober:*

*Stamnes kyrkje kl. 11.00.* Lekmannsgudsteneste. Odd Alfheim.

*Bergsdalen kyrkje kl. 11.00.* Res. kap. Lofthus. Konfirmantpresentasjon. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet.

*19. sundag etter pinse, 14. oktober:*

*Vaksdal kyrkje kl. 11.00.* Familiegudstene-  
ste ved sokneprest Steinnes. Offer til Institu-  
tutt for kristen oppsæding. Utdeling av  
«Mi kyrkjebok».

*Flatekval kyrkje kl. 11.00.* Familiegudstene-  
ste ved res. kap. Lofthus. Offer til Santalmisjonen. Utdeling av «Mi kyrkjebok».  
*Dale kyrkje kl. 19.00.* Sokneprest Steinnes. Nattverd.

*20. sundag etter pinse, 21. oktober:*

*Stamnes kyrkje kl. 11.00.* Familiegudstene-  
ste ved sokneprest Steinnes. Ungdomsko-  
ret syng. Offer til Santalmisjonen. Utdel-  
ing av «Mi kyrkjebok».

*Eidslandet kyrkje kl. 11.00.* Familieguds-  
teneste ved res. kap. Lofthus. Offer til Is-  
raelsmisjonen. Utdeling av «Mi kyrkjebok»

*Bots og bededag, 28. oktober:*

*Dale kyrkje kl. 11.00.* Familiegudsteneste  
ved sokneprest Steinnes. Barnekoret syng.  
Offer til Israelsmisjonen. Utdeling av «Mi  
kyrkjebok».

*Nesheim kyrkje kl. 11.30.* Familiegudstene-  
ste ved res. kap. Lofthus. Offer til sokne-  
rådet. Utdeling av «Mi kyrkjebok».

*Vaksdal kyrkje kl. 18.00.* Sokneprest Bjørs-  
vik. Nattverd.

### Voss Samvirkeleg

Avd. 14 — 5294 Eidslandet

Avd. 15 — 5296 Eksingedalen

### Hausvik og Faugstad % Vaksdal

Telefon 3603

### A. L. VATLE

#### DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer

Frukt og grønnsaker

### Dale Fabrikkutsalg

5280 Dalekvam

Tfn. Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull metervarer  
Strikkejakker og gensere